



Saksprotokoll

Organ: **Fylkestinget**

Møtedato: 09.12.2014

Sak nr.: 14/7081-7
Internt I.nr. 39936/14

Sak: 38/14

Tittel: **Høyring - Endringar i lov om Innovasjon Norge**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at Innovasjon Norge må ha nærleik til næringslivet i heile landet og må difor oppretthalde dei regionale kontora. Ei heilskapleg regional koordinering er vesentleg for å oppnå målretta bruk av dei samla virkemiddel og tenester IN rår over. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt. Difor er lokalt eigarskap og regional styring viktig. Dei foreslegne lovendringane vil bety sterkare sentral styring, mindre risikovillig kapital og meir rein finansaktivitet, som lett vil føre til at bedrifter i distrikta fell utanfor. Fylkesutvalet vil særskild peike på følgjande:

1. Fylkestinget meiner at det framleis skal vera delt eigarskap etter dagens modell, og går inn for at det skal vera regionale kontor i Norge etter same modell som vi har i dag.
2. Fylkestinget ber difor om at ordninga med regionale styre vert vidareførte, og sluttar seg ikkje til Nærings- og fiskeridepartementet sitt forslag om å fjerne lovfestinga av regionale styrer i lov om Innovasjon Norge.
3. Tilrådinga frå hovudutval for plan og næring ligg ved til orientering.

Endringsframlegg:

Høgre, Framstegspartiet og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Ta vekk følgjande setning i innleiinga:

Dei foreslegne lovendringane vil bety sterkare sentral styring, mindre risikokapital og meir rein finansaktivitet, som lett vil føre til at bedriftene i distrikta fell utanfor

Avrøysting:

Høgre, Framstegspartiet og Venstre sitt framlegg fekk 13 røyster, 26 røysta mot.
Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at Innovasjon Norge må ha nærleik til næringslivet i heile landet og må difor oppretthalde dei regionale kontora. Ei heilskapleg regional koordinering er vesentleg for å oppnå målretta bruk av dei samla virkemiddel og tenester IN rår over. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt. Difor er lokalt eigarskap og regional styring viktig. Dei foreslegne lovendringane vil bety sterkare sentral styring, mindre risikovillig kapital og meir rein finansaktivitet, som lett vil føre til at bedrifter i distrikta fell utanfor. Fylkesutvalet vil særskild peike på følgjande:

1. Fylkestinget meiner at det framleis skal vera delt eigarskap etter dagens modell, og går inn for at det skal vera regionale kontor i Norge etter same modell som vi har i dag.
2. Fylkestinget ber difor om at ordninga med regionale styre vert vidareførte, og sluttar seg ikkje til Nærings- og fiskeridepartementet sitt forslag om å fjerne lovfestinga av regionale styrer i lov om Innovasjon Norge.
3. Tiltrådinga frå hovudutval for plan og næring ligg ved til orientering.